

441

OPPDRAKSMELDING

Habitatoversikt for norske mosar,
med kategoriar og trugsmål for
trua artar

Arne A. Frisvoll



NINA • NIKU

NINA Norsk institutt for naturforskning

Habitatoversikt for norske mosar, med kategoriar og trugsmål for trua artar

Arne A. Frisvoll

NINA•NIKUs publikasjoner

NINA•NIKU utgir følgende faste publikasjoner:

NINA Fagrapport

NIKU Fagrapport

Her publiseres resultater av NINAs og NIKUs eget forskningsarbeid, problemoversikter, kartlegging av kunnskapsnivået innen et emne, og litteraturstudier. Rapporter utgis også som et alternativ eller et supplement til internasjonal publisering, der tidsaspekt, materialets art, målgruppe m.m. gjør dette nødvendig.

Opplag: Normalt 300-500

NINA Oppdragsmelding

NIKU Oppdragsmelding

Dette er det minimum av rapportering som NINA og NIKU gir til oppdragsgiver etter fullført forsknings- eller utredningsprosjekt. I tillegg til de emner som dekkes av fagrapportene, vil oppdragsmeldingene også omfatte befariingsrapporter, seminar- og konferanseforedrag, årsrapporter fra overvåkningsprogrammer, o.a.

Opplaget er begrenset. (Normalt 50-100)

Temahefter

Disse behandler spesielle tema og utarbeides etter behov bl.a. for å informere om viktige problemstillinger i samfunnet. Målgruppen er "almenheten" eller særskilte grupper, f.eks. landbruket, fylkesmennenes miljøvern-avdelinger, turist- og friluftlivskretser o.l. De gis derfor en mer populærfaglig form og med mer bruk av illustrasjoner enn ovennevnte publikasjoner.

Opplag: Varierer

Fakta-ark

Hensikten med disse er å gjøre de viktigste resultatene av NINA og NIKUs faglige virksomhet, og som er publisert andre steder, tilgjengelig for et større publikum (presse, ideelle organisasjoner, naturforvaltningen på ulike nivåer, politikere og interesserte enkeltpersoner).

Opplag: 1200-1800

I tillegg publiserer NINA og NIKU-ansatte sine forskningsresultater i internasjonale vitenskapelige journaler, gjennom populærfaglige tidsskrifter og aviser.

Frisvoll, A.A. 1996. Habitatoversikt for norske mosar, med kategoriar og trugsmaal for trua artar. - NINA Oppdragsmelding 441: 1-37.

Trondheim, september 1996

ISSN 0802-4103

ISBN 82-426-0742-7

Forvaltningsområde:

Bevaring av mangfaldet i naturen

Conservation of biodiversity

Opphavsrett ©:

Stiftelsen for naturforskning og kulturminneforskning

NINA•NIKU

Publikasjonen kan siterast fritt med kjeldetilvising

Redaksjon:

Odd Terje Sandlund

NINA•NIKU, Trondheim

Design og layout:

Synnøve Varvik

Kopiering: Norservice

Opplag: 150

Kontaktadresse:

NINA•NIKU

Tungasletta 2

7005 Trondheim

Tel: 73 58 05 00

Fax: 73 91 54 33

Tilgjengelighet: Åpen

Prosjekt nr.: 16104 Habitatoversikt for norske mosar

Ansvarlig signatur:

Odd Terje Sandlund

Oppdragsgiver:

Direktoratet for naturforvaltning

Referat

Frisvoll, A.A. 1996. Habitatoversikt for norske mosar, med kategoriar og trugsmål for trua artar. - NINA Oppdragsmelding 441: 1-37.

Grupperinga av vegetasjonen tek utgangspunkt i 'Vegetasjonstyper i Norge' (Fremstad & Elven 1996), og moselista følgjer 'Sjekkliste over norske mosar' (Frisvoll et al. 1995). Det er stilt opp 13 habitatgrupper, og i lista er alle artane førde til ei eller fleire av gruppene. Det er skilt mellom viktige og mindre viktige habitat (# vanlegast, x vanleg, π mindre vanleg, ? arten finst truleg). Enno kjenner vi ikkje habitata til alle mosane godt, så både førekomst i vegetasjonstypar og frekvenssymbol treng å forberast.

Alle artar frå 'Trua moser i Norge med Svalbard; raud liste' (Frisvoll & Blom 1992) er avmerka med rett truakategori (X utgått, E akutt trua, V sårbar, v omsynskrevjande, R sjeldan). Dette gjeld òg dei norske artane i 'Red data book of European bryophytes' (European Committee for Conservation of Bryophytes 1995), og der finst i tillegg tre nye kategoriar (K dårleg kjent, ! regionalt trua, T trua, men taksonomisk problematisk). Dei mest sannsynlege trusselfaktorane for desse artane er gjevne.

Emneord: Mosar - habitat - trugsmål.

Arne A. Frisvoll, Norsk institutt for naturforskning, Tungasletta 2, 7005 Trondheim.

Abstract

Frisvoll, A.A. 1996. Norwegian bryophytes and their habitats. - NINA Oppdragsmelding 441: 1-37.

The grouping of habitats is based on 'Norwegian vegetation types' (Fremstad & Elven 1996), and the bryophyte names follow 'Checklist of Norwegian bryophytes' (Frisvoll et al. 1995). The species are referred to one or more of 13 habitat groups. The symbols indicate the importance of the habitat for the species (# most common, x common, π less common, ? probably present). Since much is unknown about bryophytes and different habitats, their occurrence as well as the choice of symbols need to be improved.

All species from the 'Red data list for bryophytes of Norway including Svalbard' (Frisvoll & Blom 1992) are marked with their appropriate category for classification of threatened bryophytes (X extinct, E endangered, V vulnerable, v requiring consideration, R rare). The same is done regarding the Norwegian species in the 'Red data book of European bryophytes' (European Committee for Conservation of Bryophytes 1995) which has three additional categories (K insufficiently known, ! regionally threatened, T taxonomically ill-defined). Finally, ten groups of probable threats for the species are indicated.

Key words: Bryophytes - habitats - threats.

Arne A. Frisvoll, Norwegian Institute for Nature Research, Tungasletta 2, N-7005 Trondheim, Norway.

Forord

Temaet for dette heftet er omfattande, og det har vore alt for lite tid til detaljering. Og nettopp dét kunne trengast når ca 1100 moseartar skal få sin rette plass i den ville hagen som er vårt lands habitattypar. Det er ei praktisk kopling mellom dette arbeidet og 'Vegetasjonstyper i Norge' (Fremstad & Elven 1996). Der finn ein allereie ein god del (vanlege) mosar i artslistene, og det har vore gjensidig utveksling av kunnskap om mosar og habitat. Eg takkar Eli Fremstad for kopi av manus til 'Vegetasjonstyper i Norge' før det vart trykt, og for gjennomlesing og gode kommentarar til formalia i den innleiande teksten nedanfor. Hans H. Blom har kommentert habitatval for nokre artar i lista.

Det er under stor tvil dette blir trykt no. Men som ei førebels utgåve kan det vonleg passera. Det bør arbeidast vidare med ei finare oppdeling av habitattypane og ei sikrere plassering av artane. Sjå på dette som eit første steg på ein lang veg. Alle konstruktive kommentarar er velkomne.

Arbeidet er utført på oppdrag frå Direktoratet for naturforvaltning.

Trondheim, september 1996

Arne A. Frisvoll

Innhald

Referat	3
Abstract	3
Forord	4
1 Innleiing.....	5
2 Gruppeinndeling av vegetasjonstypar.....	5
2.1 Kommentatarar til gruppene, tilpassingar.....	5
2.2 Symbolbruk for førekomst i gruppene.....	7
2.3 Symbolbruk for trua mosar	7
2.4 Symbolbruk for trugssmål.....	8
3 Referert og viktig gjennomgått litteratur	8
4 Habitatoversikt for norske mosar	10

Mosenes utbredelse er som regel et direkte resultat av deres økologiske tilpasningsevne. (Lye 1968: 22)

The work of Tallis ... on *Rhacomitrium lanuginosum* [heigråmose], ... has thrown light on the ecology of an outstandingly interesting and important moss. For here is a plant which occurs in such abundance on certain kinds of mountain-top detritus that it has given the name '*Rhacomitrium* heath' to the vegetation which it dominates. Yet one sees it also ... as the pioneer on some kinds of block scree; or again as a late-comer in the succession on certain types of old bog.... It abounds on many types of substratum in base-poor mountain country; it is surprisingly widespread on limestone in Northern England, and, most remarkable of all, occurs in a few places on the chalk of the South Downs, growing in the turf quite close to known calcicole species. Such a moss present[s] a challenge indeed....

Bryophyte ecology is no self-contained subject. It may often serve to illuminate the path of workers in other fields. H. Watson ... has indicated how useful some of the larger bryophytes can be as guides to the practical forester concerning the condition and character of the land. I have been informed of a case in which the remains of a lost village in a forest in Austria ... were traced through the presence of the moss *Mnium undulatum* [*Plagiomnium undulatum*, krusfagermose]; for it had selected the locally enriched ground where the former village had existed before being burnt down during the Thirty Years' War. (Watson 1968: 152-153)

1 Innleiing

Full kunnskap om kva habitat alle norske mosar finst i vil vi kanskje aldri få. Eller sagt på ein annan måte: Det vil vera svært krevjande å gje opplysningar om alle habitata for artar som veks frå Lindesnes til Nordkapp på fastlandet, dvs frå ca 58 til 71 °N - eller til Svalbard, dvs kanskje til ca 80 °N. Ein må og ta med spennet frå fjord til fjell på same breiddegraden. Det er ikkje så reint få mosar som fyller rommet nord-sør og/eller det vertikale rommet. Uansett er dette mange klimasoner kvar veg. Nokre habitattypar er betre kjende enn andre, og det trengst mykje supplering i lista når ny kunnskap kjem til.

I tabellen er vitskaplege og norske mosenamn slik som i Frisvoll et al. (1995); bladmosar står med vanleg skrift, levermosar i *kursiv* og nålkapselmosar med **feit** skrift, alle med felles alfabetisering.

2 Gruppeinndeling av vegetasjonstypar

Mosane på fastlandet er fordelte på 12 hovudgrupper vegetasjonstypar sett saman etter Fremstad & Elven (1996). Hos desse forfatarane finst 24 hovudgrupper (A-X), men det er enno for tidleg å fordela mosane på alle desse typane. Svalbard kjem i tillegg som ei eiga gruppe. Einaste sikre kunnskap om artar og vegetasjonstypar får ein frå artslistar og/eller analysetabellar frå kvar type. Eit meir oppdelt oversyn for mosane ville krevja ein nitid gjennomgang av mykje litteratur. Det skaper problem at mange arbeid gjev dårleg eller middelmåtig kvalitativ informasjon om mosane. Det kan òg vera at mosane veks på særlege småhabitat i ein vegetasjonstype, og at desse ikkje er med i dei standard analysane som er tilgjengelege frå typen.

Det forenkla oversynet med 13 grupper skulle likevel gje mykje floristisk kunnskap om mosar og habitat. Nokre av typane hos Fremstad & Elven (1996) har mange mosar felles, og det må uansett vurderast om nokre bør slåast saman for vårt formål. Til dømes har fuktig/våt vegetasjon svært mange sams mosar på tvers av inndelingane sumpkratt og sumpskog, minerotrof myr, kjelder, vasskant- og vassvegetasjon. I tillegg til samanslåing har det vore naudsynt å presisera innhaldet i ein del typar slik at dei passar til nokre viktige økologiske grupper av mosar.

Nedanfor er dei registrerte habitata grupperte slik som i tabellen, og kodar og namn hos Fremstad & Elven (1996) sette til; i hakeparentes det korte uttrykket som gjeld for heile denne gruppa. (Tabell 1).

2.1 Kommenterar til gruppene, tilpassingar

Gruppe 1 [**Skog lav/mose/lyng**]. Ingen justeringar i høve til Fremstad & Elven (1996). Sjå òg gruppe 4.

Gruppe 2 [**Skog høgstaude/storbregne**]. Ingen justeringar i høve til Fremstad & Elven (1996). Sjå òg gruppe 4.

Gruppe 3 [**Skog lågurt/edellauvskog**]. Lågurt- og edellauvskog har mange mosar felles og er ført saman. Det er i desse typane vi har flest epifyttmosar, og pga lysfaktoren er frittstående edle lauvtre (i jordbrukslandskapet, t.d. allétre) eit viktig habitat. I dei sjeldne tilfella der arten (mesta) berre er kjend frå slike frittstående tre, har treslaget avgjort utkryssinga i skogtype. Det finst gode argument for å føra desse habitata til gruppe 5, men det er ikkje gjort her. Sjå òg gruppe 4.

Gruppe 4 [**Berg/knaus**]. Gruppa må av forstålege grunnar bli vid. Det er primært ei gruppe for steinbuande (epilittiske) mosar på alle slags tørre, fuktige og våte berg (utanom bekker og elvar, sjå gruppe 9). Men hit kjem òg alle mosar

Tabell 1. Oversikt over gruppene.

Naturtype	Gr. her	Gruppe hos Fremstad & Elven (1996)
Skog	gr. 1	A Lav/mose- og lyngskog [Skog l/mo/ly]
	gr. 2	C Høgstaude- og storbregneskog [Skog høg/st]
	gr. 3	B Lågurtskog [Skog låg/ed] D Edellauvskog
Stein/grunn mark	gr. 4	F Rasmark, berg og kantvegetasjon [Berg/knaus]
Kulturmark	gr. 5	G Kulturbetinga engvegetasjon [Kulturmark] I Kulturmark
Kysthei	gr. 6	H Kysthei [Kysthei]
Myr/våtmark	gr. 7	J Ombrotrof myr [Omr. myr]
	gr. 8	E Sumpkratt og sumpskog [M. myr/sump (dvs minerotrof myr/)] K Fattigmyr L Intermediær myr M Rikmyr N Kjelder og sig O Vasskantvegetasjon (sump utan tre/busksjikt) P Vassvegetasjon (neddykka) U9c Havstrandmyr
Bekker/elvar	gr. 9	P6a, Q4a Mosar i/ved rennande vatn (stein/fastmarkskant) [Bekk/elv]
	gr. 10	Q 1-3 Elvør-pionervegetasjon (slam/sand/grus/rullestein s.l. m/innsjø o.l.) [Ør]
Fjell	gr. 11	R Rabbar [Fjell]
		S Lesider
		T Snøleger
Havstrand	gr. 12	U Strandeng og strandsump [Havstrand]
		V Ustabil drift- og sandstrandvegetasjon
		W Etablerte sanddyner
		X Strandberg og kystnær fuglegjødsla vegetasjon
Svalbard	gr. 13	Alle førekomstar på Svalbard [Svalbard]

som veks på meir eller mindre grunt jorddekke over (tørre, fuktige og våte) berg og på marka under bergoverheng. Desse nisjene er alltid knytte til berg og har ei mengd interessante mosar. Artar i bratt og grov rasmark/blokkmark kjem òg hit (om artar på finmateriale i rasmark, sjå gruppe 5). Artar på steinunderlag i skog er færre hit med mindre dei i tillegg veks på bork/ved eller jord.

Gruppe 5 [**Kulturmark**]. Hovudmengda av artar i denne gruppa har eit klart pionerpreg, og mange er ugras på line med karplantane i desse samfunna. Gruppe I hos Fremstad & Elven (1996) omfattar her alle artar på forstyrta mark der kolonisering skjer på blottlagt jord i vid meining. Derfor er òg artar på utrasingar av finmateriale (t.d. leir- og sandmelar) færre hit. Ved sida av åker og eng er vegkantar den

viktigaste habitattypen. Pionerartar frå vegkantar i skog er altså færre hit, men typiske pionerartar på tilsvarende jord ved rotvelter i skog er òg færre under skogtypen. Hit kjem òg sandtak og liknande naturlege habitat (t.d. sandflater uavhengig av elvar). Epilittiske mosar som i tillegg er svært typiske for sementmurar (t.d. mange *Schistidium*-artar) er tekne med her. Mange av dei kulturbetinga engtypane (gruppe G hos Fremstad & Elven 1996) er vanskelege å avgrensa mot mindre og lite kulturprega vegetasjon, og mesteparten av dei utviklar seg no mot meir naturlege typar; dei inneheld ofte mange mosar som kjem frå skog og myr.

Gruppe 6 [**Kysthei**]. Omfattar lyng- og grasheier i kystsona i vid meining.

Gruppe 7 [**Ombrotrof myr**]. Med omsyn til kunnskap om mosar er ombrotrof myr av dei best kjende vegetasjonstypene i Noreg. Lista følgjer Bakken & Flatberg (1995) med få unntak (gjeld artar som fysisk veks på ombrotrof myr men som treng næring utanfrå, t.d. *Splachnum*-artar).

Gruppe 8 [**Minerotrof myr/sump**]. Omfattar alle habitat for våtmarksmosar unnateke gruppene 7 (ombrotrof myr), 9 (mosar i/ved rennande vatn) og 11 (våtmark i fjellet). Om avgrensing mot gruppene 9 og 11, sjå desse. Fattig-, intermedier- og rikseriane av minerotrof myr er godt kjende floristisk. Men resten av våtmarksgruppene er dårlegare kjende, og kvar av desse (sumpskog, kjelder, vasskantar og vassvegetasjon) har tilsvarende fattig-rik-seriar som er lite utgreidde. Mange av dei same mosane finst over heile spekteret av våtmarker, og det krev mykje arbeid (og vil uansett vera problematisk) å fordela artane på alle typene. Type U9c er myrprega bakre våtmarker ved havstrand, og dei har berre mosar som elles går i myr. Type O Vasskantvegetasjon omfattar her berre sumpprega vasskant; sandstrand i vid meining kjem under gruppe 10.

Gruppe 9 [**Bekk/elv**]. Denne typen er laga fordi mange artar berre veks (på stein) i/ved rennande vatn (medrekna stein på eksponerte sjøstrender). Mosane kan vera permanent neddykka, men dei fleste er periodevis neddykka eller står i sprutsona ved fossar og stryk. Men det er ikkje ei generell gruppe for mosar på berg i bekkekløfter, og artar som er vanlege (over alt) utanfor bekkehabitata er ikkje med her. I tillegg kjem artar som veks på fastmarkskant ved rennande vatn. Dette habitatet har nokre særprega mosar. Det får pålagring av litt slam i flomperiodar, men det blir ikkje dekt av store mengder slam, sand eller grus slik som gruppe 10, og er ikkje sumpprega slik som gruppe 8. Grenseoppgangen mellom gruppe 9 og 10 er somtid mindre klar, men for storparten av artane grei.

Gruppe 10 [**Ør**]. Inneheld pionerartar på slam eller lettrenert substrat ved vatn i vid meining, dvs på ikkje sumpprega elve- og sjøstrender.

Gruppe 11 [**Fjell**]. Omfattar alt areal over skoggrensa (med flekkvis førekomst i skoglause område i nordboreal sone slik som definert hos Fremstad & Elven 1996). Alle artar som finst i dei andre gruppene skulle bli med her dersom dei veks i snaufjellet. Men ein kjem ikkje bort frå ei pragmatisk tilnærming til avgrensinga. Både logisk sett og reint faktisk er det avgrensingsproblem aust-vest og nord-sør. Det er godt dokumentert kva som er typiske snølege- og rabbemosar i fjellet. Men etter som ein går frå lågalpin opp i mellom- og høggalpin sone veks snølegemosane meir og meir på rabbane. Ei generell spesifisering av mosar for rabbar, lesider og snøleger i fjellet er derfor problematisk.

Gruppe 12 [**Havstrand**]. Havstrandnære mosar på alle substrat skal koma med her. Dei opplagte artane er dei relativt få obligate halofyttmosane vi har (definert ut frå førekomst). Dessutan er dei vanlegaste fakultative halofyttane viktige. Ut over det har gruppa inga logisk avgrensing, for svært mange mosar kan finnast nær havstrand. Utvalet er gjort frå arts-

lister eller analysar frå strandnære habitat, men bør enda supplerast.

Gruppe 13 [**Svalbard**]. Svalbard er ikkje med hos Fremstad & Elven (1996). Avkryssa '#' tyder at arten ikkje er kjend frå fastlandet, medan '+' tyder at arten òg finst der. Ein art er berre kjend frå Jan Mayen og er merka J.

Gruppene 1-5 og 7-10 er avgrensa økologisk, medan gruppene 6 og 11-13 i tillegg er avgrensa geografisk.

2.2 Symbolbruk for førekomst i gruppene

Gruppe 1-12: Etter kunnskap og skjønn er fire symbol nytta:

- # (dei) viktigaste habitat(a) for arten
- x vanleg habitat for arten
- ▣ (truleg) ikkje særleg viktig habitat for arten; i fjellet berre i nedre del av lågalpin
- ? arten finst truleg (meir kunnskap trengst)

Gruppe 13: Svalbard (og Jan Mayen)

- # arten ikkje kjend frå fastlandet
- + arten kjend også frå fastlandet
- J berre Jan Mayen (gjeld ein bladmose, J.M. er ikkje rekna til Svalbard)

2.3 Symbolbruk for trua mosar

Dette er kolonne 14-16 under overskrifta 'Truakategori'. Kolonne 14 gjeld Europa (Red data book of European bryophytes 1995), kolonne 15 det norske fastlandet (Frisvoll & Blom 1992), og kolonne 16 Svalbard (Frisvoll & Blom 1992). Frisvoll et al. (1995) har med artar som vantar hos Frisvoll & Blom (1992), og dei av desse artane som truleg må med på den norske trualista er kategoriserte.

- X utgått (extinct)
- E trua (endangered)
- V sårbar (vulnerable)
- v omsynskrevjande (merk symbol: liten v, jamfør stor V ovanfor)
- R sjeldan (rare)
- K dårleg kjent (insufficiently known)
- ! regionalt trua (regionally threatened)
- T trua, men problematisk taksonomisk (taxonomically ill-defined taxa)
- 1 eitt funn på Svalbard (found once in Svalbard)
- 2 to funn på Svalbard (found twice)
- 3 tre funn på Svalbard (found thrice)

2.4 Symbolbruk for trugsmål

Det er ikkje enkelt å gje generelle oversikter over trussel-faktorar for mosar. Dei aktuelle artane kan ha få lokalitetar, og for mange kan trusselbildet vera ulikt frå stad til stad. Dessutan er mange sjeldne artar ikkje samla eller sett i ny tid. Eit slikt system kan òg bli nokså komplisert (sjå t.d. Rassi & Väisänen 1987, Urmi 1992). Her er det sett opp 10 trusselgrupper som ikkje skulle vera alt for vanskelege å bruka og skjøna. Men (eit visst) kjennskap til økologien til einskildartar er alltid naudsynt for ei fullgod forståing.

- A **Attveksing** av tidlegare opne område. Slutt på husdyrbeite; tilplanting; tilvekking av all slags brakkmark
- D **Drenering** av fuktig mark (sumpskog, open våtmark og myr). Generell uttørking ved senka nivå av grunnvatnet. Hit òg mosar i småbekker som blir kanaliserte (til forskjell frå vassdragsregulering). Drenering vert oftast følgd av attveksing (sjå 'A' ovanfor) utan at det alltid er spesifisert her
- F **Forureining** i vatn
- H **Hogst**, både av einskilde store tre i ope landskap og av skog. Hit òg alle følgjer av hogst, så som utlufting og uttørking av habitat. Sjå dessutan 'M' nedanfor
- I **Inngrep og utbygging**. Eit generelt trugsmål, og berre teke med når det er spesielt viktig. Gjeld t.d. fjellsprenning - inkludert vegbygging, gruvedrift, kalkbrudd og massetak, og all nedbygging i urbane område. Det verkar som mange fjellartar og epilittiske mosar har berre dette eine store trugsmålet. Tilrettelegging for turisttrafikk kan lokalt representera store inngrep i sårbare miljø, dette gjeld m.a. i strandsona (hav og ferskvatn), og ved utbygging av alpinanlegg i fjellet og nordboreal (subalpin) sone. Ulike typar inngrep er òg største trugsmålet for dei fleste mosar på Svalbard
- J **Jordbruk**, særleg endra driftsformer for åker og eng - medrekna sterk gjødsling og bruk av ugrasmiddel. Sjå skilnaden mot 'A' ovanfor
- L **Luftforureining**. Eit generelt trugsmål for svært mange mosar. Notert berre når det er særleg alvorleg, og i hovudsak gjeld det for epifyttar
- M **Mangel på råteved** og oftast gammalskog med humid mikroklima. Dette er ei spesifisering for ei særst utsett gruppe mosar (jamfør det generelle trugsmålet 'H' ovanfor)
- V **Vassdragsregulering**, både tørrlegging og oppdemming av elvar og vassdrag (sjå 'D' ovanfor)
- Ø **Møkk og kadaver**, mangel på slikt dyresubstrat
- ? **Ukjende trugsmål**. Manglande kunnskap om og/eller erfaring med arten i felt. Er òg nytta om artar som veks i mange ulike (ofte dårleg kjende) habitattypar og som kan vera utsette for mange slags trugsmål

3 Referert og viktig gjennomgått litteratur

- Averis, A.B.G. & Averis, A.M. 1992. A survey of oceanic bryophytes at 19 woodland sites between Bergen and Stavanger, South-Western Norway. - Rapp., Univ. Bergen. 32 s. + App. 1-21.
- Bakken, S. & Flatberg, K.I. 1995. Effekter av økt nitrogen-deposisjon på ombrotrof myrvegetasjon. - Allforsk Rapp. 3: 1-63.
- Blom, H.H. 1984. Bryophyte flora of the Vindenes area, W. Norway. - Bot. Inst. Univ. Bergen, Rapp. 32: 1-30.
- Blom, H.H. 1982. Undersøkelser av moseflora og mose-samfunn på Kårstø og Ognøy, Tysvær og Bokn kommuner i Rogaland. - Del III i Blom, H.H., Røsberg, I. & Skjolddal, L.H., Vegetasjon og flora på Kårstø, Tysvær kommune, Rogaland. Bot. Inst. Univ. Bergen, Rapp. 22[3]: 1-45.
- Blom, H.H. 1982. Edellauvskogssamfunnene i Bergens-regionen, Vest-Norge. - Hovudfagsoppg., Univ. Bergen (upubl.).
- Damsholt, K., Diemar, S., Henriksen, S. & Humle, L. 1982. Mosser. - S. 131-161 i Christensen, S.N. & Gøtzsche, H.F. (red.), Varanger 1980 - rapport fra en studiereise til Varangerhalvøya, Nordnorge 11-24 august 1980. - Inst. Syst. Bot., Københavns Univ.
- Flatberg, K.I. 1970. Nordmyra, Trondheim. Aspekter av flora og vegetasjon. III. Appendiks. - Hovudfagsoppg., Univ. Trondheim (upubl.).
- Fremstad, E. & Elven, R. 1996. Vegetasjonstyper i Norge. - NINA•NIKU, Trondheim. I trykk.
- Frisvoll, A.A. 1975. Moseflora og -vegetasjon på steiner og bergvegger i et subalpint område ved Kongsvold, Dovrefjell Nasjonalpark. II. Floristisk del, litteratur. - Hovudfagsoppg., Univ. Trondheim (upubl.).
- Frisvoll, A.A. 1977. Undersøkelser av mosefloraen i Troms-dalen i Verdalen og Levanger, Nord-Trøndelag, med hovedvekt på kalkmosefloraen. - K. norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapp. Bot. Ser. 1977,7: 1-37.
- Frisvoll, A.A. 1978. Mosefloraen i området Børås-Børøya-nedre Tynes ved Levanger. - K. norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapp. Bot. Ser. 1978,7: 1-82.
- Frisvoll, A.A. & Blom, H.H. 1992. Trua moser i Norge med Svalbard; raud liste. - NINA Utredn. 42: 1-55.
- Frisvoll, A.A., Elvebakk, A., Flatberg, K.I. & Økland, R. 1995. Sjekklister over norske mosar. Vitskapleg og norsk namneverk. - NINA Temahefte 4: 1-104.
- Gjærevoll, O. 1956. Appendix to The plant communities of the Scandinavian alpine snowbeds. Index to species. - K. norske Vidensk. Selsk. Skr. 1956,1. Append. 1-13.
- Hagen, I. 1899-1904. Musci Norvegiae borealis. - Tromsø Mus. Aarsh. 21-22: i-xxiii, 1-382.
- Hagen, I. 1908-29. Forarbejder til en norsk løvmosflora. I-XXI. - K. norske Vidensk. Selsk. Skr.
- Holtén, J. 1986. Autecological and phytogeographical investigations along a coast-inland transect at Nordmøre, Central Norway. - Dr. phil.-avhandl., Univ. Trondheim (upubl.).

- Holten, J., Frisvoll, A.A. & Aune, E.I. 1986. Havstrand i Møre og Romsdal. Flora, vegetasjon og verneverdier. - Økoforsk Rapp. 1986,3A: 1-253.
- Iversen, S.T. 1984. Strandbergvegetasjon. En plantesiologisk undersøkelse på Frøya, Sør-Trøndelag. *Gunneria* 49: 1-96.
- Jensen, C. 1939. Skandinaviens bladmossflora. - København. 535 s.
- Jørgensen, E. 1934. Norges levermoser. - Bergens Mus. Skr. 16: 1-343, pl. 1-25.
- Lye, K.A. 1968. Moseflora. - Universitetsforlaget, Oslo/Bergen/Tromsø. 140 s.
- Moen, A. 1990. The plant cover of the boreal uplands of Central Norway. I. Vegetation ecology of Sølendet Nature Reserve; haymaking fens and birch woodlands. - *Gunneria* 63: 1-451.
- Mårtensson, O. 1955. Bryophytes of the Torneträsk area, northern Swedish Lappland. I. Hepaticae. - K. Svenska Vetenskapsakad. Avhandl. Naturskyddsärenden 14: 1-107.
- Mårtensson, O. 1956. Bryophytes of the Torneträsk area, northern Swedish Lappland. II. Musci. - K. Svenska Vetenskapsakad. Avhandl. Naturskyddsärenden 14: 1-321.
- Nyholm, E. 1954, 1956, 1958, 1960, 1965, 1969. Illustrated moss flora of Fennoscandia. II. Musci. 1-6: 1-799. - Lund.
- Nyholm, E. 1987. Illustrated flora of Nordic mosses. 1. Fissidentaceae - Seligeriaceae. - Nordic Bryol. Soc., Copenhagen and Lund.
- Nyholm, E. 1989. Illustrated flora of Nordic mosses. 2. Pottiaceae - Splachnaceae - Schistostegaceae. - Nordic Bryol. Soc., Copenhagen and Lund.
- Nyholm, E. 1993. Illustrated flora of Nordic mosses. 3. Bryaceae, Rhodobryaceae, Mniaceae, Cinclidiaceae, Plagiomniaceae. - Nordic Bryol. Soc., Copenhagen and Lund.
- Rassi, P. & Väisänen, R. 1987. Threatened animals and plants in Finland. - *Komiteanmietinö* 1985,43: 1-82.
- Red data book of European bryophytes 1995. - European Committee for Conservation of Bryophytes. Trondheim. 291 s.
- Ryan, E. & Hagen, I. 1896. Iagttagelser over mosernes udbredelse i den sydvestlige del af Smålenenes Amt. - K. norske Vidensk. Selsk. Skr. 1896,1: 1-168.
- Størmer, P. Mosses with a western and southern distribution in Norway. - Universitetsforlaget. Oslo, Bergen, Tromsø. 288 s.
- Urmi, E. 1992. Rote Liste. Die gefährdeten und seltenen Moose der Schweiz. - 56 s.
- Watson, E.V. 1968. The structure and life of bryophytes. - Hutchinson & Co Ltd, London. 192 s.

4 Habitatoversikt for norske mosar

Vitskapeleg namn	Norsk namn	Vegetasjonstypar											Truakat.			!		
		Skog l/mo/ly	Skog høg/st	Skog låg/ed	Berg/knaus	Kulturmark	Kysthei	Ombr. myr	M. myr/sump	Bekk/elv	Ør	Fjell	Havstrand	Svalbard	Europa		N fastland	Svalbard
		1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17
<i>Abietinella abietina</i>	Granmose		x	x	#	x						#	x	+				
<i>Acaulon muticum</i>	Sveipmose					#					x					R		A
<i>Aloina aloides</i>	Snutetøffelmose					?										V		A?
<i>Aloina brevirostris</i>	Småtøffelmose				x	#								+				
<i>Aloina rigida</i>	Ranktøffelmose				x	#												
<i>Amblyodon dealbatus</i>	Stakemose				x				#	x		x		+			2	
<i>Amblystegium confervoides</i>	Bustkrypmose					#												
<i>Amblystegium fluviatile</i>	Striglekrypmose									#						v		V, F
<i>Amblystegium humile</i>	Snurpkrypmose									#						V		D
<i>Amblystegium saxatile</i>	Stjernekrpmose								#						R	E		D, H
<i>Amblystegium serpens</i>	Trådkrypmose		x	#	x	x							#	+				
<i>Amblystegium subtile</i>	Borkkrypmose			#	□													
<i>Amblystegium tenax</i>	Nervekrypmose									#						V		D, F
<i>Amblystegium varium</i>	Flokekrypmose			x					#							E		D
<i>Amphidium lapponicum</i>	Fjellpolstermose					#						x		+				
<i>Amphidium mougeotii</i>	Bergpolstermose					#						□						
<i>Anastrepta orcadensis</i>	Heimose	#			x		#					□						
<i>Anastrophyllum assimile</i>	Rugledraugmose					#												
<i>Anastrophyllum cavifolium</i>	Skåldraugmose											x			R	R		I
<i>Anastrophyllum donnianum</i>	Praktdraugmose					#	#								R	v		A
<i>Anastrophyllum hellerianum</i>	Pusledraugmose	x	x	x					□						R	v		M
<i>Anastrophyllum joergensenii</i>	Nipdraugmose				x		#								R	V		A
<i>Anastrophyllum michauxii</i>	Røtedraugmose	x	x	x	x													
<i>Anastrophyllum minutum</i>	Tråddraugmose	□			#		□	□				#						
<i>Anastrophyllum saxicola</i>	Steindraugmose				#													
<i>Andreaea alpestris</i>	Grannstomose				□							#						
<i>Andreaea alpina</i>	Kyststomose				#				x			□						
<i>Andreaea blyttii</i>	Bresotmose											#		+				
<i>Andreaea crassinervia</i>	Svasotmose				#										R	R		I
<i>Andreaea frigida</i>	Strandsotmose											#			R			I, ?
<i>Andreaea megistospora</i>	Storsporesotmose				#										R			I, ?
<i>Andreaea nivalis</i>	Snøstomose											#						
<i>Andreaea obovata</i>	Felesotmose											#		+				
<i>Andreaea rothii</i>	Nervesotmose				#							□						
<i>Andreaea rupestris</i>	Bergsotmose				#							x	x	+				
<i>Andreaea sparsifolia</i>	Raspsotmose											#		+				

Vitskapeleg namn	Norsk namn	Vegetasjonstypar													Truakat.			!	
		Skog l/mo/ly	Skog høg/st	Skog låg/fed	Berg/knaus	Kulturmark	Kysthei	Ombr. myr	M. myr/sump	Bekk/elv	Ør	Fjell	Havstrand	Svalbard	Europa	N fastland	Svalbard		Trussel
		1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16		17
<i>Aneura pinguis</i>	Feittmose				x				#	x		□	x	+					
<i>Anoetangium aestivum</i>	Skortejuvmose				#														
<i>Anoetangium warburgii</i>	Kystjuvmose				#										R	V		I	
<i>Anomobryum filiforme</i>	Stråmose				x				#										
<i>Anomodon attenuatus</i>	Piskraggmose			#	#														
<i>Anomodon longifolius</i>	Tepperaggmose			#	#														
<i>Anomodon rugelii</i>	Skuggeraggmose			x	#														
<i>Anomodon viticulosus</i>	Kalkraggmose			x	#														
<i>Anthelia julacea</i>	Ranksnømose				x		□		x	x	x	x		+			1		
<i>Anthelia juratzkana</i>	Krypsnømose				x				x	x	x	#		+					
Anthoceros agrestis	Svartnål					#										v		J	
<i>Antitrichia curtipendula</i>	Ryemose	x	x	x	#		□						x						
<i>Aongstroemia longipes</i>	Stiftmose								x		x		□	+			3		
<i>Aplodon wormskioldii</i>	Kadavermose							x	x					+					
<i>Apometzgeria pubescens</i>	Skjerfmose				#														
<i>Archidium alternifolium</i>	Sporemose						x				x		x						
<i>Arctoa anderssonii</i>	Sveipjøkulmose												#	+	R	R		I	
<i>Arctoa fulvella</i>	Faksjøkulmose				□								#	+					
<i>Arctoa hyperborea</i>	Skortejøkulmose				x								#						
<i>Arnellia fennica</i>	Kragemose				x								#	+	R			I	
<i>Asterella gracilis</i>	Småslørmose				x								x						
<i>Asterella lindenbergiana</i>	Storslørmose												#						
<i>Athalamia hyalina</i>	Navlemose				□								#	+					
<i>Atractylocarpus alpinus</i>	Sylmose				#										E	R		I	
<i>Atrichum tenellum</i>	Småtaggmose					#					x								
<i>Atrichum undulatum</i>	Stortaggmose		□	#	□	#			x		x								
<i>Aulacomnium androgynum</i>	Dvergfiltmose	x	x	x	x														
<i>Aulacomnium palustre</i>	Myrfiltmose	□	□	□	□	□	x	#	#		x	x		+					
<i>Aulacomnium turgidum</i>	Fjellfiltmose				□								#	+					
<i>Barbilophozia atlantica</i>	Kystskjeggmose				#		□	x											
<i>Barbilophozia attenuata</i>	Piskskjeggmose	#	x		x														

Vitskapeleg namn	Norsk namn	Vegetasjonstypar													Truakat.			!	
		Skog l/mo/ly	Skog høg/st	Skog låg/ed	Berg/knaus	Kulturmark	Kysthei	Ombr. myr	M. myr/sump	Bekk/elv	Ør	Fjell	Havstrand	Svalbard	Europa	N fastland	Svalbard		Trussel
		1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16		17
<i>Barbilophozia barbata</i>	Skogskjeggmose	#	#	x	#	□	x							+			3		
<i>Barbilophozia binsteadii</i>	Torvskjeggmose							□				#							
<i>Barbilophozia floerkei</i>	Lyngskjeggmose	#			x		x	□	□		□	#							
<i>Barbilophozia hatcheri</i>	Grynskjeggmose	x			#							x		+					
<i>Barbilophozia kunzeana</i>	Myrskjeggmose							□	x			x		+					
<i>Barbilophozia lycopodioides</i>	Gåsefotskjeggmose	#	#		x	□	□	x	□			x		+					
<i>Barbilophozia quadriloba</i>	Kloskjeggmose				x				#			#		+					
<i>Barbilophozia rubescens</i>	Heiskjeggmose							?							K	+		?	
<i>Barbula convoluta</i>	Slireskruemose				#	#							x						
<i>Barbula crocea</i>	Knoppskruemose				x											E		I	
<i>Barbula unguiculata</i>	Vegskruemose				x	#							x						
<i>Bartramia breviseta</i>	Strunkkulemose				x											R		I	
<i>Bartramia halleriana</i>	Storkulemose				#														
<i>Bartramia ithyphylla</i>	Stivkulemose				#	x			□	□	#	x	+						
<i>Bartramia pomiformis</i>	Eplekulemose				#	?						□							
<i>Bazzania tricrenata</i>	Småstylte	x			#														
<i>Bazzania trilobata</i>	Storstylte	#			x		#	x											
<i>Blasia pusilla</i>	Flekkmose					#					#	□	+				3		
<i>Blepharostoma trichophyllum</i>	Piggtrådmose	x	x	x	x	x		x	?	?	x		+						
<i>Blindia acuta</i>	Rødmesigmose				#			x	#		x	□	+						
<i>Blindia caespiticia</i>	Sveipsigmose				#														
<i>Brachydontium trichodes</i>	Skoddemose				#										R	R		I	
<i>Brachythecium albicans</i>	Bleiklundmose				x	#	x						x						
<i>Brachythecium campestre</i>	Bakkellundmose				x	#													
<i>Brachythecium collinum</i>	Kryplundmose				#							x	+				1		
<i>Brachythecium coruscum</i>	Blakklundmose				x							x	+			R		I	
<i>Brachythecium erythrorrhizon</i>	Skrukkellundmose			x	#														
<i>Brachythecium glaciale</i>	Snølundmose											#	+				2		
<i>Brachythecium glareosum</i>	Gull-lundmose			x	#	□							□						
<i>Brachythecium latifolium</i>	Ørelundmose							□				#							
<i>Brachythecium mildeanum</i>	Vierlundmose					x		#											
<i>Brachythecium oedipodium</i>	Bregnelundmose	x	x	x	□														
<i>Brachythecium plumosum</i>	Bekkelundmose				x				#										
<i>Brachythecium populeum</i>	Ospelundmose	□	?	#	#														
<i>Brachythecium reflexum</i>	Sprikelundmose	#	#	#	x	x						x	+						
<i>Brachythecium rivulare</i>	Sumplundmose			x				#	x		x								
<i>Brachythecium rutabulum</i>	Storlundmose	□	□	x	x	#		□	x										
<i>Brachythecium salebrosum</i>	Lilundmose	#	#	#	x	x						□							
<i>Brachythecium starkei</i>	Strølundmose	#	x	□	x							x							
<i>Brachythecium trachypodium</i>	Skortelundmose				x							#	+						
<i>Brachythecium turgidum</i>	Fjell-lundmose							x	□		#		+						

Vitskapeleg namn	Norsk namn	Vegetasjonstypar													Truakat.			!	
		Skog l/mo/ly	Skog høg/st	Skog låg/fed	Berg/knaus	Kulturmark	Kysthei	Omr. myr	M. myr/sump	Bekk/elv	Ør	Fjell	Havstrand	Svalbard	Europa	N fastland	Svalbard		Trussel
		1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16		17
<i>Brachythecium velutinum</i>	Fløyelslundmose	x	x	x	x														
<i>Breidleria pratensis</i>	Skrukkemose							#			#		+						
<i>Breutelia chrysocoma</i>	Gullhårmose	□			#	#		x											
<i>Bryhnia novae-angliae</i>	Oremose			x	□			x	#						R			H, D	
<i>Bryobrittonia longipes</i>	Tungemose												#	R		2		I	
<i>Bryoerythrophyllum alpigenum</i>	Tannfotmose				#									R	R			I	
<i>Bryoerythrophyllum ferruginascens</i>	Knollfotmose				#														
<i>Bryoerythrophyllum recurvirostrum</i>	Raudfotmose				#	#					#	x	+						
<i>Bryum acutiforme</i>	Sandvrangmose										x								
<i>Bryum algovicum</i>	Ribbevragmose				x	x					x	x	+						
<i>Bryum alpinum</i>	Kopparvrangmose				#							x							
<i>Bryum amblyodon</i>	Nikkevrangmose				x	x				□	x	x	+						
<i>Bryum archangelicum</i>	Svartsporevrangmose				x						#								
<i>Bryum arcticum</i>	Krylvrangmose				x						#		+						
<i>Bryum argenteum</i>	Sølvvrangmose				x	#				?	□	x	+						
<i>Bryum axel-blyttii</i>	Spissvrangmose									x	x			R	R			A, V	
<i>Bryum badium</i>	Snerpvragmose					x			□	□		x							
<i>Bryum bicolor</i>	Groknoppvrangmose					#				x									
<i>Bryum bimum</i>	Tvillingvrangmose				x			#	□		□		+						
<i>Bryum blindii</i>	Klumpvrangmose				□	□			#					R	R			V, A	
<i>Bryum bornholmense</i>	Storknollvrangmose				x	x								R				A	
<i>Bryum bryoides</i>	Grusvrangmose									#		x		R				A, ?	
<i>Bryum caespiticium</i>	Murvrangmose				x	#				□									
<i>Bryum calophyllum</i>	Holtannvrangmose									x	#	+		R				I, ?	
<i>Bryum capillare</i>	Skruvrangmose				#						x								
<i>Bryum creberrimum</i>	Brakkvrangmose				x	#				x		+				1			
<i>Bryum cryophilum</i>	Rosevrangmose									#		+		R				I	
<i>Bryum curvatum</i>	Snutevrangmose				x					x		x		K				A, ?	
